



Per Ivar Ingebrigtsen pussar opp og rykker snart inn i den tidlegare butikken.

**Per Ivar Ingebrigtsen, opprinneleg frå Stord men i dei seinare år busett i Dimmelsvik, skal etablere seg i Uskedalen med ei verksemd han har registrert eit klårt behov for.**

**Det skal skje i januar**

**- når formalitetane er i orden.**

**Han skal rykke inn i eit lokale som har stått ledig lenge - butikklokalet etter familien Haugland. i Nausthaugen 2**

Ingebrigtsen, som idag var i arbeid med å måla lokalet, skal starta ei ny serviceverksemd i samarbeid med eigaren av huset - Geir Rusten.

- Eg har under mitt virke registrert ein marknad for vedlikehald av verktøy og kvitevarar. Eg tenkjer då ikkje minst på reparasjonar for slike som driv store hushald, seier Per Ivar til uskedalen.no

Han har i i mange år jobba som elektrikar og i tillegg vore det han kallar altmogelegmann for sambuaren sin, den kjende matekspert og kokk Beate Hannisdal.

- Men så fekk du ein ide og kva gjorde du med den?

- Eg registrerte at dette lokalet sto tomt og gjekk til Rusten med ideen. Han sa 'det gjer vi' og no er han og eg saman om etableringa. Det står ennå att registrering og slikt men målet

vårt er å koma i gang i januar. Meininga er at eg skal driva åleine her., opplyser etableraren

Det er eit rommeleg og bra lokale som i mange år romma ein travel daglegvarebutikk. som hadde alt frå klede til mjølk,

Då den vart bygd for rundt 50 år sidan var det 4 butikkar for daglegvarer i Uskedalen. Etter kvart vart konkurransen skarpere og 3 av dei la etter kvart inn årane. Det aktuelle huset vart seld i fjor til Geir Rusten for vel 2 millionar kroner, men ikkje før no har det lukkast å finna nokon som vil satsa i dei tidlegare butikklokala. I andre høgda bur det folk på 200 kvadratmeter.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



No blir det nytt liv i butikklokala